



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

Vedtak og rutinar i samband med vurderingsarbeid i kommunane

Gruppa for dei skulefagleg ansvarlege i Hardanger/Voss oppretta den regionale vurderingsgruppa i møte den 16. februar 2001. Etter som arbeidet i gruppa har utvikla seg, er det kome til nye vedtak. Pr september 2008 er regionen samde om følgjande praksis:

1. Det er eit mål at vurderingsgruppa skal ha representantar frå alle kommunar. Kvar gong det vert ein ledig plass, vert kommunar som ikkje har representant spurde fyrst.
2. Vurderingsgruppa skal ha ein leiar som kan "dra" gruppa, administrera og vera i kontakt med dei skulefagleg ansvarlege. I tillegg bør regionssekretæren brukast til ein del oppgåver i samarbeid med leiaren.
3. Regionssekretær skal laga ein rotasjonsplan over 3-4 år der kommunane er fordelte. Inntil 12 skular skal vurderast kvart skuleår, avhengig av tal medlemmer i vurderingsgruppa.
4. Ei vurdering kan ta inntil 5 dagar. Det mest vanlege skal vera 3 dagar, men vurderarane har høve til å utvida tal dagar ut frå skulestorleik m.m. Den enkelte kommune syter for å gje vurderarane nødvendig utstyr som berbar PC og ev. berbar skrivar. Vurderingsgruppa får reisa på eitt kurs i året for fagleg oppdatering, der regionen dekkjer utgiftene.
5. Vurderarane får kompensert vurderingsarbeidet gjennom eitt av følgjande alternativ:
 - * 2 t redusert lesetid gjennom året, fri med løn sjølve vurderingsdagane og fredagen i vurderingsveka. Formøte er inkludert i dei 2 timane med redusert tid.
 - * Frikjøp frå arbeidsgjevar tilsvarande to vekeverk per vurderingsoppdrag og kr 7000 i honorar per vurdering. Tida er bruttotid og skal dekkja nødvendige møte, vurderingsdagar, føre- og etterarbeid.Vurderarane må avtala val av kompensasjon med eigen arbeidsgjevar. Uttak av frikjøpsdagar utover vurderingsdagane må også avtalast med arbeidsgjevar.
6. Fordeling av kostnader mellom kommunane er rekna ut etter ein eigen fordelingsnøkkel. Refusjonen vert sendt ut saman med annan kursrefusjon 2 gonger i året. Tilleggstenester må betalast etter faktura i samsvar med avtale. (Regionalt vedtak 33/01)
7. Under ei vurdering betaler kommunen som får vurdering for reise- og opphaldsutgifter. Andre utgifter som vurderingsgruppa har, skal dekkast av regionen og gjerast opp ved halvårsoppgjera.
8. Etter ei vurdering skal lagast ein rapport som skal vera offentleg. I tillegg skal det lagast eit vurderingsvedlegg som skal vera skulen si eige. Rektor avgjer kven som skal ha innsyn i dette dokumentet. Dokumentet skal likevel vera tilgjengeleg for og drøftast med skulesjef/skulefagleg ansvarleg, som juridisk ansvarleg for skulen.



Hardanger / Voss kompetanseregion ***Vurderingsgruppa***

9. Rapporten vert lagt fram for dei tilsette den siste vurderingsdagen. Skuleeigar skal vera til stades under framlegginga (skulefagleg ansvarleg og/eller rådmann, ordførar, andre politikarar). Politiske fora i kommunen får ei kort orientering om rapporten i ettertid.
10. Skulefagleg ansvarleg bør vera med i ei drøfting av utviklingsområda i etterkant, gje støtte og hjelp. Etter seks månader legg rektor fram ein rapport for skulefagleg ansvarleg og/eller rådmann. Skulen skal ha ei tilbakemelding på rapporten frå skuleeigar.
11. Regionen skal ha ei nettside, www.kompetanseregion.no . Her vert alle vurderingsrapportar lagde ut. Sida skal ha linkar mot kommunane og andre naturlege samarbeidspartnarar. (Sak 18/02).

Vedteke i faggruppa for skule i Hardanger/Voss 12. september 2008.